

Vår saksbehandlar:  
Aud Gunn Løklingholm

Direkte telefonnr.:  
53423063

Vår dato:  
12.04.2013  
Dykkar dato:  
«REFDATO»

Vår referanse:  
2011/1630-503  
Dykkar referanse:  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

## **KUNNGJERING AV VEDTEKEN KOMMUNEPLAN FOR BØMLO 2013-2025**

Bømlo kommunestyret har i møte 18.03.2013 vedteke kommuneplanen for Bømlo 2013-2025 i medhald av §11-16 i plan- og bygningslova slik det går fram av vedlagde saksprotokoll frå kommunestyret i sak 13/13.

Kommunestyret sitt vedtak er endeleg og kan ikkje klagast på. For eventuelle framtidige krav om innløyising eller ekspropriasjon vert det vist til § 15-1 og 16 i plan- og bygningslova.

Vedteken kommuneplan med tilhøyrande saksdokument er tilgjengeleg på Rådhuset, Leirdalen 1, 5430 Bremnes. Kommuneplanen sin arealdel(plankart) og tekstdel er lagt ut på Bømlo kommune sine internettsider [www.bomlo.kommune.no](http://www.bomlo.kommune.no) i pdf-format og i nettversjon på [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no) (Slå på karttype: «kommuneplanens arealdel»)

Det kom inn mange innspel og merknader til kommuneplanen både frå offentlege organ, ulike lag og organisasjonar, andre med særlege interesser og private grunneigarar. Vedteken kommuneplan er såleis eit resultat av ein omfattande planprosess der dei ulike brukarinteressene er omtalt og vurdert. For fleire av dei innpassa utbyggingsområda er det stilt krav til godkjent reguleringsplan før frådelling av eigedom og utbygging kan ta til.

Hovudmengda av dei private innspela/merknadane gjaldt ynskje om areal til fritidsføremål i strandsona med hovudvekt på søknad om omdisponering av areal frå naust til fritidsføremål.

Dei som har fått ynskje om omdisponering frå naust til fritidsføremål innpassa i kommuneplanen og som ikkje er omfatta av plankrav som nemnt ovanfor, må no søkja om bruksendring i samsvar med § 20-1pkt.d i plan- og bygningslova. Dette inneber at søknad om bruksendring frå naust til fritidsbustad må sendast via godkjent føretak/søkjar som tilfredsstillar krav etter reglane i plan- og bygningslova. Søknaden skal utformast i tråd med nye vedtekne retningsline og føresegner i kommuneplanen.

Dette brevet vert sendt til alle som har sendt innspel og merknader til kommuneplanen. Dei som har sendt innspel på vegne av fleire grunneigarar må informere desse om innhaldet i kunngjeringa.

Med helsing  
BØMLO KOMMUNE

Aud Gunn Løklingholm  
Organisasjonssjef



Dato: 01.02.2013  
Arkivref: 2011/1630-  
2347/2013 / 503

Saksbehandlar: Aud Gunn Løklingholm  
53423063  
aud-gunn.loklingholm@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
15/13	Formannskapet	19.02.2013
47/13	Utval for areal og samferdsel	06.03.2013
13/13	Kommunestyret	18.03.2013

## **KOMMUNEPLAN FOR BØMLO 2013-2025**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommuneplan for Bømlo 2013- 2025, sist revidert 06.02.2013 vert i medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 vedteken.
2. Motsegner frå offentlege organ er teke omsyn til og innpassa i revidert planframlegg. Vilkåret for eigengodkjenning av planen ligg føre. Kommunestyret tek atterhald om at offentlig etatar med motsegnsrett trekkjer sine motsegner til planen.
3. Reviderte akseptkriterier datert 06.02.2013 i kommuneplanen skal leggjast til grunn for ROS analysene i arealplanlegginga i kommunen.

### **Saksprotokoll i Formannskapet - 19.02.2013**

#### **Uttale frå råd for likestilling av funksjonshemma tar kommuneplanen til orientering.**

*Rådet hadde merknad til ein setning under universell utforming der det står: «Alle bygg og anlegg som skal ha offentlig tilgang skal vera utforma slik at dei aller fleste kjem fram utan å møte uoverkommelige hindringar»*

*Der må det stå «slik at alle kjem fram» og ikkje «slik at dei aller fleste kjem fram»*

Saksprotokoll i Eldrerådet 18.02.13

#### **Uttale frå Eldrerådet:**

- Eldrerådet tar kommuneplanen til vitande
- Eldrerådet er opptatt av å sikra ei god legevaktordning
- Eldrerådet meiner at kommuneplanen er god og framtidretta

Geir Ove Sele (V) la fram eit framlegg til punkt 4 slik:

Kommunedelplan for kulturminner, kulturminneplan, skal vera vedtatt før neste rullering av kommuneplan i Bømlo.

Sissel Johnsen (AP) fremja uttale frå råd for likestilling av funksjonshemma som ein punkt fem i innstillinga:

under kapittel om universell utforming i offentlege bygg og anlegg må det stå «slik at alle kjem fram» og **ikkje** «slik at dei fleste kjem fram»

Framlegget frå rådmannen og framlegga frå Geir Ove Sele (V) og Sissel Johnsen (AP) vart samrøystes vedtekne.

### **Innstilling:**

Formannskapet **innstiller** samrøystes slik overfor kommunestyret:

1. Kommuneplan for Bømlo 2013- 2025, sist revidert 06.02.2013 vert i medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 vedteken
2. Motsegner frå offentlege organ er teke omsyn til og innpassa i revidert planframlegg. Vilkåret for eigengodkjenning av planen ligg føre. Kommunestyret tek atterhald om at offentlig etatar med motsegnrett trekkjer sine motsegner til planen
3. Reviderte akseptkriterier datert 06.02.2013 i kommuneplanen skal leggjast til grunn for ROS analysene i arealplanlegginga i kommunen
4. Kommunedelplan for kulturminner, kulturminneplan, skal vera vedtatt før neste rullering av kommuneplan i Bømlo
5. Under kapittel om universell utforming i offentlege bygg og anlegg må det stå «slik at alle kjem fram» og **ikkje** «slik at dei fleste kjem fram»

### **Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 06.03.2013**

Nytt framlegg frå Tone Stavland (V):

Ihht formannskapet si innstilling i saka ynskjer utvalet at punkt 4 og punkt 5 vert teke med. Dvs. utvalet sluttar seg til formannskapet si innstilling til kommunestyret (Sak 15/13 i Formannskapet av 19.02.13), med reviderte føresegner av 06.03.13.

Framlegget frå Tone Stavland (V) vart samrøystes vedteke.

Framlegg om eit nytt pkt. 6 frå Karsten Fylkesnes (KrF):

Områder innteikna som turdrag i forslag til kommuneplan tas ut og vert tilbakeført til LNF-område.

Framlegget frå Karsten Fylkesnes (KrF) vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling:**

Utval for areal og samferdsel **innstiller** samrøystes slik overfor kommunestyret.

1. Kommuneplan for Bømlo 2013- 2025, sist revidert 06.02.2013, med reviderte føresegner av 06.03.13, vert i medhald av Plan- og bygningslova § 11-15 vedteken.
2. Motsegner frå offentlege organ er teke omsyn til og innpassa i revidert planframlegg. Vilkåret for eigengodkjenning av planen ligg føre. Kommunestyret tek atterhald om at offentlig etatar med motsegnrett trekkjer sine motsegner til planen.
3. Reviderte akseptkriterier datert 06.02.2013 i kommuneplanen skal leggjast til grunn for ROS analysene i arealplanlegginga i kommunen.
4. Kommunedelplan for kulturminner, kulturminneplan, skal vera vedtatt før neste rullering av kommuneplan i Bømlo
5. Under kapittel om universell utforming i offentlege bygg og anlegg må det stå «slik at alle kjem fram» og **ikkje** «slik at dei fleste kjem fram»
6. Områder innteikna som turdrag i forslag til kommuneplan tas ut og vert tilbakeført til LNF-område.

### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.03.2013**

Rådmannen la fram eit nytt framlegg til vedtak med slik grunngjeving:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka har vore lagt fram under føresetnad av at alle motsegner mot planen skulle vera trekte før kommunestyret si behandling av planen. Fiskeridirektoratet har i brev datert 12. mars 2013 trekt alle punkta i motsegna si mot kommuneplanen med unntak av motsegna knytta til utviding av låssettingsplassen i Krabbavika på Aga. Sidan det framleis er motsegn mot del av kommuneplanen, kan planen ikkje vedtakast i heilskap slik han ligg føre etter § 11-15. Kommunestyret må då gi planen rettsverknad for den delen av arealet som det ikkje er knytt motsegn mot, og vedtaket må gjerast med heimel i plan- og bygningslova § 11-16.

#### **Rådmannen sitt nye framlegg til vedtak :**

1. Kommuneplan for Bømlo 2013- 2025, sist revidert 06.02.2013 med reviderte føresegner av 06.03.13 vert vedteken i medhald av Plan- og bygningslova § 11-16. Planen får med dette rettsverknad for arealdelen i kommuneplanen unnateke eit avmerkt areal i nordre delen av Krabbevika ved Aga.
2. Areal merka FFNF1 i nordre delen av Krabbevika ved Aga er unnateke rettsverknad grunna motsegn frå Fiskeridirektoratet sist oppretthalde i brev av 12.03.2013. Når klagesak i samband med reguleringsplan 200905 hyttefelt Aga er avklart, vil Fiskeridirektoratet vurdere motsegna på nytt. Det kan då gjerast endeleg vedtak for denne delen av kommuneplanen for å gi arealet rettsverknad.

3. Reviderte akseptkriterier datert 06.02.2013 i kommuneplanen skal leggjast til grunn for ROS analysene i arealplanlegginga i kommunen.
4. Rådmannen får fullmakt til å revidere plankart og føresegner i tråd med føreliggjande vedtak.

Karsten Fylkesnes (KrF) la fram eit endringsframlegg slik:

#### *4.3 reglar for område satt av til fritidsføremål*

##### 4.3.2

Terrasse/veranda kan byggjast i bakkant av fritidsbustaden (på motsatt side av strandlinja). På sjøsida kan det ikkje byggjast altan større enn 14 kvm, maks 2 m ut frå veggiliv.

#### *4.4 område satt av til naustføremål*

##### 4.4.3

Maksimalt tillat bruksareal er 40 kvm (BRA), og maksimal mønehøgde er 5 m målt frå ferdig golv.

Inge Reidar Kallevåg (H) la fram eit endringsframlegg slik:

Kommunestyret er positiv til at fylkesmannen no har godkjent at naust bygde før 2006 kan godkjennast til fritidsbustad.

Kommunestyret legg til grunn at dette vil gjelde for alle naust byggemeldt i perioden 1998 til 2006, og at same grunngeving kan nyttast i saker dersom det vert søkt om reguleringsendring av godkjende reguleringsplanar.

Det vart røysta samla over rådmannen sitt nye framlegg, punkt 4,5 og 6 i innstillinga frå utval for areal og samferdsel, og framlegga frå Karsten Fylkesnes (KrF) og Inge Reidar Kallevåg (H).

Framlegga vart samrøystes vedtekne.

#### **Vedtak:**

Kommunestyret gjorde samrøystes slikt **vedtak:**

1. Kommuneplan for Bømlo 2013- 2025, sist revidert 06.02.2013 med reviderte føresegner av 06.03.13 vert vedteken i medhald av Plan- og bygningslova § 11-16. Planen får med dette rettsverknad for arealdelen i kommuneplanen unnateke eit avmerkt areal i nordre delen av Krabbevika ved Aga.
2. Areal merka FFNF1 i nordre delen av Krabbevika ved Aga er unnateke rettsverknad grunna motsegn frå Fiskeridirektoratet sist oppretthalde i brev av 12.03.2013. Når klagesak i samband med reguleringsplan 200905 hyttefelt Aga er avklart, vil Fiskeridirektoratet vurdere motsegna på nytt. Det kan då gjerast endeleg vedtak for denne delen av kommuneplanen for å gi arealet rettsverknad

3. Reviderte akseptkriterier datert 06.02.2013 i kommuneplanen skal leggjast til grunn for ROS analysane i arealplanlegginga i kommunen
4. Rådmannen får fullmakt til å revidere plankart og føresegner i tråd med føreliggjande vedtak
5. Kommunedelplan for kulturminner, kulturminneplan, skal vera vedtatt før neste rullering av kommuneplan i Bømlo
6. Under kapittel om universell utforming i offentlege bygg og anlegg må det stå «slik at alle kjem fram» og **ikkje** «slik at dei fleste kjem fram»
7. Områder innteikna som turdrag i forslag til kommuneplan tas ut og vert tilbakeført til LNF-område.
8. Endring i forskrift:

#### *4.3 reglar for område satt av til fritidsføremål*

##### 4.3.2

Terrasse/veranda kan byggjast i bakkant av fritidsbustaden (på motsatt side av strandlinja). På sjøsida kan det ikkje byggjast altan større enn 14 kvm, maks 2 m ut frå veggliv.

#### *4.4 område satt av til naustføremål*

##### 4.4.3

Maksimalt tillat bruksareal er 40 kvm (BRA), og maksimal mønehøgde er 5 m målt frå ferdig golv.

9. Kommunestyret er positiv til at fylkesmannen no har godkjent at naust bygde før 2006 kan godkjennast til fritidsbustad.  
Kommunestyret legg til grunn at dette vil gjelde for alle naust byggemeldt i perioden 1998 til 2006, og at same grunngeving kan nyttast i saker dersom det vert søkt om reguleringsendring av godkjende reguleringsplanar

#### **Dokument i saka:**

Sak 141/08 i kommunestyret 15.12.2008

Sak 51/11 Utval for areal og samferdsel 25.05.2011

Sak 57/11 Utval for areal og samferdsel 14.06.2011

Sak 80/11 Utval for areal og samferdsel 31.08.2011

Konsekvensutgreiing og ROS analyse av kommuneplan datert 02.07.2012

Planomtale datert 05.07.2012 revidert 30.01.2013

Samfunnsdel

Plankart

Tabell over merknader med tilråding

Tabell overendingar av plankart etter motsegn.

PlanGis for Bømlo( Nettbasert kartløyising). De finn kartløyisinga på linken:

<http://plangis.akvator.no/Apps/BomloKplan/>

Ca 400 innkomne merknader  
Brev frå Hordaland Fylkeskommune datert 22.11.2012  
Brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 28.11.2012  
Referat frå møte mellom Bømlo kommune og fylkesmannen datert 24.10.12  
Brev frå Kystverket 17.02.2012  
Brev frå Fiskeridirektoratet 17.12.2012 og 13.04.2012  
Statens vegvesen 02.03.2012

### **Bakgrunn for saka:**

Gjeldande kommuneplan vart vedteken i kommunestyret 03.04.2006. Oppstart av arbeidet med ny kommuneplan vart annonsert i pressa og på kommunen si internettside i januar 2009. Høyringsfristen på innspel til kommuneplanen vart vedteke utsett til 01.09.2009. Det kom inn om lag 700 innspel i høyringsperioden. Framlegg til ny kommuneplan vart lagt fram til politisk handsaming i Utval for areal og samferdsel 25.05.2011. Utvalet ynskte grundig handsaming av forslaget. Difor vart framlegg til kommuneplan også handsama på møte 14.06.2011 og 31.08.2011 med nokre rettingar i nytt møte den 21.09.11.

Utval for areal og samferdsel gjorde i møte 31.08.2011 vedtak om at framlegg til ny kommuneplan skulle leggjast ut til offentleg gjennomsyn.

Kommuneplanen var lagt ut til offentleg gjennomsyn i perioden 06.01.2012- 17.02.2012. Det kom inn om lag 400 merknader til planforslaget. Alle merknader er gjennomgått av administrasjonen. Det er laga ein tabell med oversikt over innhald i merknad og tilråding.

### **Plan- og bygningslova §11-15 Vedtak av kommuneplan**

« Kommunestyret sjølv vedtar kommuneplanen. Dersom kommunestyret vil treffe vedtak om kommuneplanens arealdel som medfører en bruk av arealer som ikkje var gjenstand for høring under planbehandlingen, må de deler av planen som ønskes endret, tas opp til ny behandling.

Planen skal kunngjøres og gjøres tilgjengelig gjennom elektroniske medier. Et eksemplar av planen skal sendes til departementet, fylkesmannen, regionale planmyndighet og berørte statlige myndigheter.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklages.»

### **Vurdering:**

Kommuneplanen var lagt ut til offentleg gjennomsyn i perioden 06.01.2012- 17.02.2012. Fylkesmannen i Hordaland kom med motsegn til planforslaget p.g.a. manglande konsekvensutgreiing av nye areal, planomtale og ROS analyse. Desse tilleggsutgreiingane vart gjort og kommuneplanen vart sendt på ei avgrensa høyring til offentlege etatar i tidsrommet 01.08.2012 til 17.09.2012.

Det kom inn om lag 400 merknader til planforslaget. Alle merknader er gjennomgått av administrasjonen. Det er laga ein tabell med oversikt over innhald i merknad og tilråding. I tilrådinga er det lagt vekt på å retta opp feil i høve gamal plan, mindre justeringer i innpassa areal og nokre areal er tekne ut som fylgje av innkomne merknader/motsegner. Nye areal er ikkje innpassa i merknadsrunden. Dersom nye utbyggingsareal til naust, rorbu, bustad eller hytter hadde vorte tekne inn i merknadsrunden måtte heile kommuneplanen leggjast ut til ny offentleg gjennomsyn. Prosessen med ny kommuneplan har teke altfor lang tid som han har.

Det kom inn motsegn til planen frå 5 offentlege etatar. Dette var: Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune, Statens vegvesen, Norges vassdrag og energidirektorat NVE og Fiskeridirektoratet. Det var uformelt meklingsmøte med Fylkesmannen i Hordaland 19.10.2012. Me viser her til møtoreferat av 24.10.2012. Det vart difor også eit møte mellom administrasjonen og Fylkesmannen for gjennomgang av føresegnene/retningslinjene til arealdelen. Grunna motsegner frå ulike etatar og diverse drøftingar med Fylkesmannen er føresegnene difor revidert i høve til vedtak i Utval for areal og samferdsel den 31.08.11. Det er laga ein tabell som viser endringar i plankartet som er gjort for å i møte kome motsegnene frå dei offentlege etatane. Alle motsegnspunkta er imøtekome i revidert planframlegg. Revidert plankart er sendt til etatane som har motsegnrett. Me avventar ein skriftleg stadfesting på at dei trekkjer motsegna til planen. Ein må difor ta atterhald i vedtaket om at motsegnene frå offentlege etatar vert trekt før kommunestyret vedtek kommuneplanen.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Økonomiske konsekvensar inngår som ein del av kommuneplanrevisjonen.

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Miljømessige konsekvensar inngår som ein del av konsekvensutgreiinga til kommuneplanen

#### **Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Som ein del av kommuneplanen er det laga konsekvensutgreiing og risiko og sårbarhetsanalyse ROS analyse. I denne ROS analysen er det utarbeida nye akseptkriterier som også bør leggjast til grunn for all arealplanlegging i Bømlo. Tidlegare vedtekne akseptkriterier til bruk i ROS analysearbeidet i arealplanlegging og anna planarbeid vedtekne i kommunestyret 30.1.2011 vert endra i samsvar med desse.

#### **Folkehelse:**

Me viser her til planomtalen pkt.4.8. Folkehelsa er eit av hovudsatsingsområda i kommuneplanen.

#### **Oppsummering og konklusjon:**

Rådmannen vil rå til at kommuneplanen for Bømlo 2013-2025 vert godkjent slik han no ligg føre. Reviderte akseptkriterier i kommuneplanen bør leggjast til grunn for ROS analysane i arealplanlegginga i kommunen. Alle motsegnspunkta er imøtekome i revidert planframlegg. Revidert plankart er sendt til etatane som har motsegnrett. Ein har endå ikkje motteke stadfesting på at dei trekkjer si motsegn. Ein må difor ta atterhald i vedtaket om at motsegnene frå offentlege etatar vert trekt før kommunestyret vedtek kommuneplanen.